



SURNADAL KOMMUNE

Kvalitetsmelding for oppvekst

2021 - 2022

Vedteke av Surnadal kommunestyre
17.11.2022



Innhold

2021 - 2022	0
1. Innleiing.....	2
2. Om Kvalitetsmelding for oppvekst.....	4
3. Nøkkeltal 2021/22	5
4. Oppsummerte barnetal 2021/22	6
5. Overordna mål og satsingsområde for oppvekstsektoren i Surnadal frå 2020	6
6. Spor av endring i kvalitetsarbeidet.....	9
6.1. Eigenvurdering av læringsløypearbeidet - Læringsmiljø og Språk og skriving – Spor av endring9	
7. Hovudområde og indikatorar barnehage	13
8. Hovudområde og indikatorar kulturskule	20
9. Hovudområde og indikatorar for PPT.....	21
10. Hovudområde og indikatorar vaksenopplæring og integrering	22
11. Hovudområde og indikatorar grunnskule	23
11.1. Elevar og undervisningspersonale	23
11.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	23
11.1.2. Lærartettleik	24
11.2. Læringsmiljø	26
11.2.1. Elevundersøkinga.....	26
11.2.2. Mobbing på skolen (prosent)	28
11.3. Resultat.....	30
11.3.1. Nasjonale prøver 5. steget	30
11.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg	33
11.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	35
11.3.4. Grunnskolepoeng	36
11.4. Gjennomføring	37
11.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO	37
12. Eksterne kvalitetsvurderingar	38
Kommunebarometeret 2022.....	38
Unicef sin kommuneanalyse 2022	39
Årets MOT – team Møre og Romsdal 2022	40
13. System for oppfølging (internkontroll).....	40
14. Konklusjon	40
Vedlegg	41

1. Innleiing

Barnehagar og skular har eit omfattande samfunnsmandat nedfelt i barnehage- og opplæringslova. Dette er to samanfallande formål som skal danne grunnlaget for all praksis i barnehagen og skulane våre.

Barnehagelova § 1. Formål

- *Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som **respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet**, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i **menneskerettighetene**.*
- *Barna skal få **utfolde skaperglede, undring og utforskertrang**. De skal **lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen**. Barna skal **utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter**. De skal ha **rett til medvirkning** tilpasset alder og forutsetninger.*
- *Barnehagen skal møte barna med **tillit og respekt**, og **anerkjenne barndommens egenverdi**. Den skal **bidra til trivsel og glede i lek og læring**, og være et **utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap**. Barnehagen skal **fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering**.*

Opplæringslova § 1-1. Formålet med opplæringa

- *Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, **opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring**.*
- *Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som **respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlig, tilgjeving, likeverd og solidaritet**, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.*
- *Opplæringa skal bidra til å **utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon**.*
- *Opplæringa skal gi **innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding**. Ho skal fremje **demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte**.*
- *Elevane og lærlingane skal utvikle **kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne mestre liva sine** og for å kunne **delta i arbeid og fellesskap i samfunnet**. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrang.*
- *Elevane og lærlingane skal lære å **tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst**. Dei skal ha **medansvar og rett til medverknad**.*
- *Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med **tillit, respekt og krav** og gi dei utfordringar som fremjar **danning og lærelyst**. Alle former for **diskriminering skal motarbeidast**.*

Kvalitetsmelding for oppvekst 2021-22 blir lagt fram til politisk behandling, og omhandlar evaluering kvaliteten i oppvekstsektoren barnehage- og skuleåret 2021/22. Eigenvurderinga frå det felles kvalitetsutviklingsarbeidet er eit viktig bidrag i kvalitetsmeldinga i år. Vi også hatt evalueringar og drøftingar i styrar- og skuleleiarnettverka kring kvalitetsmeldinga. Det har også vore gjennomført utviklingsbesøk i alle einingane våren 2022. Det i år også lagt inn resultatane frå nokre eksterne kvalitetsvurderingar – Kommunebarmometeret 2022, UNICEF si vurdering av oppvekstskvalitet for 2022 og MOT Møre og Romsdal.

Det har vore ein svært krevjande situasjon å halde drifta i gang også i 2021/22 på grunn av koronasituasjonen. I Surnadal var særleg februar og mars krevjande med mykje sjukdom hos elevar og tilsette. Vi fortsette difor også barnehage- og skuleåret 2021-22 med faste og ekstraordinære felles beredskapsmøte via Teams for oppvekstleiarane, hovudtillitsvalde, personalsjef, kommunalsjef for oppvekst og kommuneoverlegen. Dette har bidratt til eit svært godt samarbeid kring likeverdige tilbod og felles løysingar for ulike utfordringar som har kome opp innafør barnehagane, skulane, kulturskolen, vaksenopplæring og integrering og PPT.

Våren 2022 vart også prega av flaumen Gyda og krigen i Ukraina. Flaumen gjorde at nokre elevar og tilsette fekk utfordringar med å kome seg heim eller måtte evakuerast, som i Bæverfjord, på grunn av fare for at eleva skulle overflaumast og gå ut av faret sitt. Krigen i Ukraina har gjort at vi har busett fleire flyktningar enn nokon gong i Surnadal. Dette krev eit godt tverrfagleg samarbeid både i oppvekst og mellom mange tenester i heile kommunen. Det vart difor våren 2022 etablert eit felles tverrfagleg nettverk for samarbeid og planlegging for dei aktuelle kommunale tenestene som møtes ein gong digitalt pr. Veke, på same måte som beresksamøta under pandemien.

Vidareutvikling og forbetring av oppvekstsektoren er ekstra viktig no. Gjennom eit forskingsinformert kunnskapsgrunnlag og prosessar med partsamarbeid og samskaping, prøvar vi å skape involvering, eigarskap og kompetansemobilisering for dei endringane som er nødvendige. Både for at barna våre skal utvikle kompetanse som er naudsynt for framtida, og at einingane skal ha fortsette å ha god kvalitet sjølv om ressursane blir knappe.

I 2022-23 ønskjer vi å fortsette kvalitetsarbeidet med å utvikle neste praksis gjennom m.a.

- Digitalisering
- Evaluering av arbeidet med rammeplan og læreplan
- godt læringsmiljø/lesing og skriving
- leiarutvikling

Dette i samarbeid med dei andre kommunane på Nordmøre, PPT, DMMH og NTNU, støtta av statlege midlar og OU-midlar frå KS.

Vi rettar ein stor takk til alle barn og foreldre i Surnadal for godt samarbeid. Og takkar tilsette og leiarar som gjer ein god og grundig jobb kvar einaste dag, og som har møtt den ekstreme situasjonen vi har stått i også dei siste åra på ein heilt framifrå måte!
Tusen takk!

2. Om Kvalitetsmelding for oppvekst

Kvalitetsmeldinga for oppvekst er kvart år ein del av årshjulet for kvalitetsutvikling for barnehagane og skulane i Surnadal.

I oppvekstplanen for oppvekst står det dette om det heilheitlege systemet for kvalitetsutvikling:

Oppfølging av kvalitetsarbeid

Ein framtidsretta oppvekstsektoren skapar møteplassar for refleksjon, læring og profesjonsutvikling gjennom samskaping, mellom dei ulike aktørane i og rundt sektoren.

Beslutningane om vidare utviklingsarbeid på alle nivå, tek utgangspunkt i analyser av «kor står vi – kor går vi», gjennom systematisk innhenting og bruk av rike data som fortel om erklært og opplevd verkelegheit/praksis som tek opp i seg endringar som skjer undervegs.

Systematisk kvalitetsarbeid

Surnadal kommune har i mange år hatt eit systematisk kvalitetsoppfølgingsarbeid i barnehagar og skular. Både barnehagelova og opplæringslova legg føringar for dette. I opplæringslova §13-10 er det eit krav at alle skuleeigarar (kommunestyre) kvart år skal behandle ein rapport om tilstanden i skulane. Det er nasjonale kriterie som skal vere med i rapporten. I tillegg kan skuleeigar sjølv velje kva andre tema som ein vil ha med.

Kvalitetsmeldinga

I Surnadal har vi valt å kalle rapporten for ei kvalitetsmelding, som gir informasjon om heile oppvekstsektoren.

Undervegs i året har resultat frå t.d. nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar, brukarundersøkingar og Elevundersøkinga vore gjennomgått og drøfta i samarbeidsutvala, i ulike kommunale leiarnettverk og politisk i hovudutvalet for oppvekst.


Årlege kvalitetsbesøk i einingane

Rapporten har vore følgd opp av årlege partssamansette utviklingsbesøk i einingane og leiarutviklingssamtalar. Erfaringane med dette viser at kommunale politiske signal og beslutningar no heng enda betre saman med behov som ein opplever i den enskilde eininga, og at ein i fellesskap finn felles mål som gjev større kraft og tyngde til å lukkast med kvalitetsarbeid i einingane og i kommunen.

Kommunale utviklingsnettverk

I samband med framtidssatsinga «Saman skapar vi framtida», har vi utvikla vidare den organiseringa vi har hatt, og har etablert ei kommunal partssamansett utviklingsgruppe for oppvekst, eit oppvekstnettverk for utviklingsgruppene i einingane og justert leiarnettverka for styrarane og skuleleiarane.

Denne vidareutviklinga skal fortsette, og kvalitetsoppfølginga skal følgje årshjulet for kvalitetsutvikling i oppvekst i Surnadal.



3. Nøkkeltal 2021/22

Navn på enheten	Antall barn/elever i barnehagen/skolen	Antall barn i SFO	Antall ansatte	Antall ansatte i etter- og videreutdanning
Bøvfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	34 elevar 28 barnehagebarn	10 barn	Til saman 14 pluss ein lærling i skulen/SFO.	1 ansatt i barnehage, barn språkutvikling. 1 lærar tok utdanning i ernæring og fysisk aktivitet, samt programering.
Midtigranda barnehage	67 barn		21 ansatte	2 ansatte -årsvikariat går desentralisert bhg.lærarutdanning
Mo oppvekstsenter	37 elevar 19 barnehagebarn	19	8 tilsette i skulen+ ein lærling 6 tilsette i barnehagen	1 ansatt- barnehagelærarutd. desentr.
Surnadal barne – og ungdomsskule	487 elevar	45 elevar	87 tilsette	4 tilsette som tok vidareutdanning.
Surnadal vaksenopplæring og integrering	33 elevar		14 ansatte	1 ansatt – vidareutdanning i norsk
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	Barnehagen: 35 barn Skulen: 78 elevar	18 barn	I barnehagen: 14 I skulen: 19 stk	

Øye og Skei barnehage	Øye: 51 barn		21 ansatte	1 ansatt- barnehagelærerutd. desentr.
	Skei: 35 barn		11 ansatte	
Bårdshaugen barnehage as	40 barn		15 ansatte	1 ansatt i vikariat som går 2.året på barnehagelærerut- danning, deltid v/DMMH

4. Oppsummerte barnetal 2021/22

2021/22	15.11.2021	2020	2019	2018	2017	2016	SUM
BøBæ	2	7	6	3	5	7	30
Mo	6	1	7	6	4	4	28
ToStop	8	7	7	5	8	7	42
SUBUS	35	28	39	39	37	53	231
	51	43	59	53	54	71	331

2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	SUM	2008	2007	2006	SUM
1.trinn	2.trinn	3.trinn	4.trinn	5.trinn	6.trinn	7.trinn		8.trinn	9.trinn	10.trinn	
9	7	3	5	4	8	3	39				
10	4	5	8	5	6	0	38				
8	8	14	12	11	10	16	79				
42	40	35	34	32	47	38	268	63	64	79	206
69	59	57	59	52	71	57	424	63	64	79	630

5. Overordna mål og satsingsområde for oppvekstsektoren i Surnadal frå 2020

Bakgrunn

Surnadal kommune samarbeider saman med dei sju andre kommunane på Nordmøre gjennom Nettverk Nordmøre, om å vidareutvikle og forbetre oppvekstsektoren. Gjennom prosessar med partsamarbeid og samskaping har ein prøvd å skape involvering, eigarskap og kompetansomobilisering for dei endringane som er nødvendige, dersom barna våre skal utvikle ny kompetanse som er naudsynt for framtida.



Samtidig med arbeidet på Nordmøre og i Surnadal har ein nasjonalt fått ny rammeplan for barnehagane og ny læreplan for grunnskulen er under utarbeiding. Desse nasjonale føringane har

saman med globale endringar og lokale behov, vore ramma for prioriteringane og retningsvala som kjem til uttrykk i denne planen.

Skaping av felles framtidsbilete

For å skape felles fokus og eigarskap, byrja arbeidet med å skape framtidsbilete. Kor vil vi? Korleis ønskjer vi at det skal vere i Surnadal i 2040?

Barn i barnehagane, elevar, foreldre, politikarar, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og leiarar og tilsette i barnehagane og skulane har saman delt draumar og laga framtidsbilete. På barnehagen, i skulen og i kommunen. I Surnadal kommune valde vi til slutt å bruke det felles

framtidsbiletet på Nordmøre som vårt eige etter prosessar i barnehagane, skulane og i kommunen.

Alle barnehagane og skulane har eigne framtidsbilete. Nokre er lik det kommunale biletet, medan andre framtidsbilete har fått noko i tillegg.



Figur 1 Sortering og kategorisering av begepa som kom fram i Surnadal

Innleiing

Oppvekstsektoren i Surnadal skal vere framtidsretta, og gi barna eit godt læringsmiljø, faglege utfordringar for alle, moglegheit til å bli høyrte, respektert og teke på alvor. Barna skal møte vaksne som bryr seg, og som er opptekne av å utvikle neste praksis i samhandling med foreldra og samfunnet rundt.

Hovudmålsetting

Hovudmålet for oppvekstsektoren i Surnadal er at barn og unge skapar og lever meningsfylte liv no og i framtida.



Målarbeid

På bakgrunn av det framtidsbiletet som vart skapt, har dei same aktørane i barnehagane, skulane og på kommunenivå, delteke i å skape mål knytt dei fem hovudtema. Kor vil vi?



Figur 3 Framtidsbiletet som vart skapt i 2017 - Surnadal 2040



For Surnadal kommune sin del vart desse måla

Figur 2 Frå kommunal samskaping i Surnadal

samskapt som viktigast:

1 Livsmeistring

- Vi vil at alle opplever meistring og trivsel kvar dag
- Vi må utdanne heile menneske, slik at dei meistrar både medgang og motgang
Vi har barn med ei god fysisk og psykisk helse
- Vi vil ha ein barnehage og ein skule der alle føler seg inkludert og verdsatt.

2 Innovasjon

- Vi samarbeider med lokalt næringsliv i utdanningsløpet for å prøve og oppleve
- Vi driv praksisnær undervisning knytt til "kvardagen"
- Vi er fleksible, omstillingsdyktige, kreative, har endringsvilje og frammer logisk tenking.
- Vi har kultur for prøving og feiling

3 Dybdeløring

- Vi har temabasert/tverrfagleg arbeid i barnehagen/ i undervisninga, for å sjå samanhengar og for å få betre forståing
- Vi brukar mappevurdering som undervegs - og sluttvurdering.
- Barna er med på å prøve, skape og utforske
- Vi må sjå teori og praksis under eitt
- Vi har ein fleksibel kvardag med arbeid og pauser etter behov


4 Sosial kompetanse

- Vi vil leggje vekt på inkludering, respekt, empati, toleranse, trivsel og gode relasjonar
- Vi vil at alle skal bli sett kvar dag
- Vi er gode på relasjonskompetanse
- Vi skapar meistring
- Vi vil ha robust ungdom som kan handtere utfordringar

5 Digital kompetanse

- Vi har kompetente vaksne i barnehage og skule
- Vi vil ha kritisk tenkande elevar som beherskar kritisk kjeldebruk
- Vi brukar digitale verktøy for å nå andre mål

Strategiar og val av regional Læringsløype



Figur 4 Døme på ståstadsanalyse

På bakgrunn av arbeidet med framtidsbilete og mål, gjennomførte dei ulike barnehagane og skulane ein ståstadsanalyse i høve kva utviklingsområde ein vil starte med. Nettverk Nordmøre gjennomførte den same prosessen, og utarbeidde på bakgrunn av målskappingsprosessane tre Læringsløyper som skal gå over 9 år - Læringsmiljø, Språk og skriv og Matematikk. Desse læringsløypene er også knytt til dei nasjonale måla for den nye desentraliserte kompetanseutvikling i Norge, kalla DEKOM for

skule og REKOM for barnehagane. Arbeidet i læringsløypene skal vere knytt til dybdelæring, digital kompetanse, profesjonelle lærarane fellesskap, aksjonslæring og innovasjon. Tett samhandling med PPT er også ein føresetnad.

6. Spor av endring i kvalitetsarbeidet

6.1. Eigenvurdering av læringsløypearbeidet - Læringsmiljø og Språk og skriving – Spor av endring

Frå oppvekstplanen:

Livsmeistering

- Vi vil at alle opplever meistring og trivsel kvar dag
- Vi må utdanne heile menneske, slik at dei meistrar både medgang og motgang
- Vi har barn med ei god fysisk og psykisk helse
- Vi vil ha ein barnehage og ein skule der alle føler seg inkludert og verdsatt.

Sosial kompetanse

- Vi vil leggje vekt på inkludering, respekt, empati, toleranse, trivsel og gode relasjonar
- Vi vil at alle skal bli sett kvar dag
- Vi er gode på relasjonskompetanse
- Vi skapar meistring
- Vi vil ha robust ungdom som kan handtere utfordringar

Dybdelæring

- Vi har temabasert/tverrfagleg arbeid i barnehagen/ i undervisninga, for å sjå samanhengar og for å få betre forståing
- Vi brukar mappevurdering som undervegs - og sluttvurdering.
- Barna er med på å prøve, skape og utforske
- Vi må sjå teori og praksis under eitt
- Vi har ein fleksibel kvardag med arbeid og pauser etter behov

Læringsløypa Læringsmiljø

I november 2018 starta arbeidet med Læringsløypa Læringsmiljø i Surnadal. Det er utnemnt minst ein utviklingslærer i kvar barnehage og skule, etablert utviklingsgrupper i einingane og ei kommunal utviklingsgruppe. I utviklingsgruppene deltek PPT både i einingane og på kommunenivå. Vi samarbeider med Averøya, Gjemnes og Kr.sund i Læringsmiljø- løypa. Hausten 2021 er vi inne i siste året av tre år når det gjeld læringsmiljø.

Gjennom den regionale leiarutviklinga til Oppvekstnettverk Nordmøre, har utviklingsgruppene i barnehagane og skulane utarbeidd ein rapport som dei meiner viser utvikling av neste praksis i arbeidet med barna.

Her er utdrag frå kvar eining sin rapport.

Læringsløypa Språk og skrivning

I januar 2022 var det kick-start for den neste læringsløypa. Etter ein intern prosess med eigenvurdering, vart valet å starte med Språk og skrive- løypa. Denne skal vi halde på med fram til 2024.

Navn på eininga	Oppsummering av kva spor av endring vi ser i arbeidet med barna/elevane	Kva har vi lært som vi tek med oss vidare?
Bårdshaugen barnehage	Vi har inkludert hele personalgruppen i Læringsløypa, både gjennom presentasjon av faglig påfyll under personalmøter, og gjennom mellomarbeid vi har jobbet med både under personalmøtene og ute i avdelingene. Vi ser av hele personalgruppen er blitt mer bevisste på språk og skriv i hverdagen, både gjennom valg av aktiviteter og den daglige praksisen i hverdagene. Eks. På dette er mer bruk av språkbilder både i hverdagen og i tilrettelagte aktiviteter (for eksempel navnelapper og "skilting"), mer lesing og benevning av tekst vi møter på (skilt, beskjeder og lignende), mer skrivning sammen med barna (ønskelister, handlelister, beskjeder, kort/tegninger og lignende).	En større forståelse for, og bevissthet rundt, hvordan man tidligere kan introdusere barna for skrivning og tekst, og også inkludere de i skrivning, lesing og bruk av tekst. Større bevissthet rundt hvordan vi arbeider med språk og skriv i barnehagehverdagen, at vi med små grep kan gjøre en stor forskjell.

Navn på eininga	Oppsummering av kva spor av endring vi ser i arbeidet med barna/elevane	Kva har vi lært som vi tek med oss vidare?
Midtigrenda barnehage	Vi er i gong med læringsløypa: Språk og skriv. Det er og blir gjennomført mellomarbeid gjeve av Skrivesenteret, som har vorte og som blir gjennomførte på personalmøta vår, og ut mot barnegruppene i ulike språkaktiviteter.	Bruke tid i personalgruppa til refleksjon og bevisstgjerung (personal møte/ avd.møter/ped.leiarmøte). Fokus på kor viktig vi vaksne er som

	<p>Utviklingslærer og heile utviklingsgruppa er den same som ved førre læringsløype, som gjer at vi har kome godt igong med arbeidet.</p> <p>Språk og skriv er ei læringsløype som engasjerer personalet på avdelingane, som igjen kan utvikle bhg. i vår måte å drive med språkarbeid på. Spor av endring vil vi kunne sjå og dokumentere undervegs, men og når det har gått 3 år med denne læringsløypa.</p> <p>Utviklingsgruppa ser at personalet på småbarn og storbarn bruker både enkle og kjente metoder, men også nye metoder vi lærer oss, for å utvikle språket. Både skriving, lesing, bruk av tekst og bruk av språklege hjelpemidler blir teke med inn i barnegruppene.</p>	<p>rollemodellar, for å gje barna den språkutviklinga dei treng. Vi ser at vi kan utvikle språkarbeidet med dei fleirspråklege barna enno betre, ved bruk av nye hjelpemidler og kompetanse på dette område.</p> <p>Samarbeide godt med foreldra.</p>
--	--	---

Navn på eininga	Oppsummering av kva spor av endring vi ser i arbeidet med barna/elevane	Kva har vi lært som vi tek med oss vidare?
Øye og Skei barnehage	<p>Vi er kommet godt i gang, litt ulikt ståsted på Øye og Skei. Skei har ny utviklingslærer. Litt utskifting i utviklingsgruppa, og elles i personalgruppa/ledelsen.</p> <p>Vi jobbar kontinuerleg med å få med heile personalgruppa, og bruker ein del av kvart personalmøte til mellomarbeid etc.</p> <p>Meir fokus på språk og skriv, ser at personalet er meir bevisst jobbinga. Gode mellomarbeid, som vi ser er bruka i kvardagen. Har laga oss gode verkty, konkrete.</p> <p>Rundt omkring ser leik med bokstavar, konkrete, synlig lekeskriving og vi ser og gjennom dokumentasjon att barna har økt fokus på språk og skriving.</p> <p>Allereie ser vi at dette er eit godt verkty i jobbinga med fleirspråklege barn.</p>	<p>Viktig å koble på alle. Bruk tid på personalmøte, slik at alle får eit eierforhold til jobbinga. Meir engasjemenet blant personalet.</p> <p>Viktig å koble arbeidet saman med det vi gjer kvar dag saman med barna, det nære. Handlar mykje om bevisstgjerung, og refleksjon.</p> <p>Ta seg tid saman med foreldra er også viktig, for å sikre informasjonsflyt, medvirkning og bli betre kjent.</p>

Navn på eininga	Oppsummering av kva spor av endring vi ser i arbeidet med barna/elevane	Kva har vi lært som vi tek med oss vidare?
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	<p>Første mellomarbeid med presist språk som tema har gjort oss meir medvitne om korleis vi ordlegg oss, og vi bestemte oss for å vere</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke presist språk • Bruke fagomgrep • Medvit om fagas og fagtekstenes eigenart • Nyttig deling av erfaringar

	<p>nøye med å innføre og jobbe med fagomgrep tidleg.</p> <p>Andre mellomarbeid har gjort lærarane meir medvitne om at alle er skrivelærarar, og kan rettleie elevane betre på fagspesifikk skrivning.</p> <p>Det mellomarbeidet som har prega elevkvardagen på mest synleg måte, er det siste, da vi fekk i oppdrag å teste ut tenkeskriving. Elevane gjev uttrykk for at det er ein metode dei trivst med.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Alle er skrivelærarar • Tenkeskriving som metode
--	---	---

Navn på eininga	Oppsummering av kva spor av endring vi ser i arbeidet med barna/elevane	Kva har vi lært som vi tek med oss vidare?
Mo oppvekstsenter	<p>Sidan vi berre er i starten av læringsløypearbeidet er det litt vanskeleg å sjå konkrete spor av endring enda, men ulike former for språk og skrivning gjenomsyrer eigentleg det meste av det vi driv med både på barnehage- og skulesida. Vi håpar at dette læringsløypearbeidet skal gjera oss enda meir bevisste på kor viktig språk og skrivning er og hjelpe oss til å ta dei rette vala slik at alle ungane våre blir så dyktige språkbrukarar som vi, uansett kva føresetnader dei har, greier å hjelpe dei til å bli.</p>	<p>Vi meiner at det er viktig at vi gjennom dette læringsløypearbeidet legger opp til aktivitetar der ungane opplever glede og der dei kjenner at dei meistarar alle dei varierte språk og skriveoppgåvene dei får på skulesida og også den meir leikbaserte språklæringa som går føre seg i barnehagen. Ønsket vårt er også at den meir leikbaserte tilnærminga til språk og skrivning også kan vera noko elevane kan ta med seg over til skulen.</p>

Navn på eininga	Oppsummering av kva spor av endring vi ser i arbeidet med barna/elevane	Kva har vi lært som vi tek med oss vidare?
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	<p>Tidlig i løypa enda til å kunne sjå store spor av endring. Men vi har tankar om å få inn meir skrivning i alle fag, samt meir bevist kor viktig det er å bruke talespråket i alle samanhengar saman med ungane i barnehagen.</p>	<p>Som sagt tidlig enda, men håpar våre tankar nemnt i førre rute her, vil vise spor av endring etter 3 år med språk og skriv.</p>

Navn på eininga	Oppsummering av kva spor av endring vi ser i arbeidet med barna/elevane	Kva har vi lært som vi tek med oss vidare?

Surnadal barne – og ungdomsskule

Det er framleis tidleg i arbeidet med læringsløypa språk og skriv. Vi har håp om at denne prosessen på sikt vil bidra til å styrke lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheit i alle fag.

Dette er eit stort kollegium, og ein arbeider for å inkludere alle i ein praksis der språk og skriv omfattar alle fag, og ikkje berre norsk.

Nasjonalt - Fylke - Kommune - Barnehage	2021						
	Alle eierformer						
	Antall barnehager	Oppfyller pedagognormen (antall)	Oppfyller ikke pedagognormen (antall)	Oppfyller pedagognormen med disp. (antall)	Oppfyller pedagognormen (andel)	Oppfyller ikke pedagognormen (andel)	Oppfyller pedagognormen med disp. (andel)
- Hele landet	5 525	3 557	334	1 129	70,9%	6,7%	22,5%
- Møre og Romsdal	269	166	13	83	63,4%	5,0%	31,7%
+ Surnadal	8	7	1	0	87,5%	12,5%	0,0%

7. Hovudområde og indikatorar barnehage

Lokale mål

Surnadal kommune skal ha ei pedagognorm i barnehagane som er i tråd med gjeldande lov og regelverk.

Vurdering:

Bårdshaugen barnehage: Vi innfrir pedagognormen i barnehagen.

Midtigranda barnehage: Vi innfrir pedagognormen i barnehagen.

Skei barnehage: Vi innfrir pedagognormen i Øye og Skei barnehage.

Øye barnehage: Sjå Skei bhg

Bøfjorden barnehage: Vi innfrir pedagognormen.

Bæverfjord barnehage: Innfridde pedagognormen i barnehagen, 20% dispens.

Mo barnehage: I 2020 innfridde barnehagen pedagognormen.

Todalen og Stangvik barnehage: Vi innfrir pedagognormen i barnehagen.

Lokale mål

Surnadal kommune skal ha ei bemanning i barnehagane som er forsvarleg og fagleg kompetent, for å møte barna sine behov.

Nasjonalt - Fylke - Kommune - Barnehage	2021		
	Alle eierformer	Kommunal	Privat
- Hele landet	5,7	5,6	5,7
- Møre og Romsdal	5,7	5,6	5,7
- Surnadal	5,2	5,3	4,9
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter Avd Bæverfjord barnehage	5,0	5,0	
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter Avd Bøfjorden barnehage	4,4	4,4	
Bårdshaugen barnehage AS	4,9		4,9
Midtigrenda barnehage	5,6	5,6	
Mo oppvekstsenter Avd barnehage	5,0	5,0	
Todalen og Stangvik oppvekstsenter Avd Stangvik barnehage	5,7	5,7	
Øye og Skei barnehage Avd. Skei	5,2	5,2	
Øye og Skei barnehage Avd. Øye	5,1	5,1	

Vurdering:

Bårdshaugen barnehage: Vi innfrir bemanningsnormen.

Midtigrenda barnehage: Innfrir bemanningsnormen. Vi har hatt ekstra ressurser og styrka bemanning knytta opp mot barn med særskilte behov, som utgjør noko av grunnbemanninga i 2021.

Skei barnehage: Skei barnehage snittar høgt på talet på barn pr. årsverk. Dette kjem av at vi i 2021 hadde fullt belegg av barn både på storbarn og småbarn. Vi har rundt 41% ressurs utover grunnbemanning knytt til barn med spesielle behov.

Øye barnehage: Innfrir bemanningsnormen. Har rundt 40% ressurs utover grunnbemanning knytt til barn med spesielle behov, i 2021.

Bøfjorden barnehage: Barnehagen hadde forholdvis høg bemanning pr barn i 2021 for å kunne dele opp barngruppa i to etter alder og modning, då barnehagen hadde så mange barn at dei var avhengig av å bruke ekstraareal i den nedlagte Bøfjord skule. Våren 2022 fekk vi inn mange nye småbarn og da vart bemanninga "akkurat".

Bæverfjord barnehage: Barnehagen har sfo morggen og deler av ettermiddag. BUA har også tid på skulen.

Mo barnehage: I 2020 var det fullt både på storbarn og småbarn difor er det høgt snitt i forhold til antall barn pr. årsverk.

Todalen og Stangvik barnehage: Vi innfrir bemanningsnormen. Har ekstra ressurs pga enkeltvedtak på barn.

Lokale mål

Surnadal kommune skal møte barn med minoritetsbakgrunn på ein god og kompetent måte.

	2019	2020	2021
	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer
	Alle aldre	Alle aldre	Alle aldre
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Barnehage	Minoritetsspråklige	Minoritetsspråklige	Minoritetsspråklige
- Hele landet	52 329	52 464	52 291
- Møre og Romsdal	2 012	1 998	1 970
- Surnadal	17	17	23
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter Avd Bøfjorden barnehage			0
Midtigrenda barnehage	8	9	10
Todalen og Stangvik oppvekstsenter Avd Stangvik barnehage			1*
Todalen og Stangvik oppvekstsenter Avd Todalen barnehage	1*	1*	
Øye og Skei barnehage Avd. Skei	2*	3*	4*
Øye og Skei barnehage Avd. Øye	6*	4*	8*

Vurdering:

Bårdshaugen barnehage: Vi har ingen minoritetsspråklige barn.

Midtigrenda barnehage: Vi tek imot fleispråklege barn kvart år, og ser at dei fleste har behov for ein sentrumsbarnehage, då dei bur nær sentrum. Fleire av desse barna startar på småbarnsavdeling, der dei har ei god utvikling språkleg og sosialt, og vi klarer stort sett å følge dei opp. Den største utfordringa er når barna startar i barnehagen når dei har vorte eldre, kanskje dei har att berre 1-2 år før skulestart. Desse barna treng meir oppfølging språkleg og sosialt, det er krevande og det tek tid. Vi har ikkje ekstra ressursar i barnehagen for å følge tett opp dei fleispråklege barna, og ser at fokuset på tidleg innsats ikkje blir tidleg nok. Vi meiner at tidleg innsats i fleire ledd kring desse barna, kan gjere at behovet for vidare oppfølging i skulen ikkje treng å bli så krevande. Her må vi ha både ressursar og kompetanse inn mot god språk- og sosial utvikling, særleg til dei fleispråklege barna som strever meir med dette enn andre.

Skei barnehage: Dei fleste av de flerspråklige barna bur i sentrum og går difor i ein av sentrumsbarnehagane. Dette gjer at andelen av fleirspråklege barn i desse barnehagane nok nærmar seg landsgjennomsnittet i praksis. Når vi får desse barna inn i barnehagen mens dei enno er små ser vi at vi sikrar ei god utvikling både sosialt og språkleg. Barn som startar i barnehagen med berre eitt eller to år til skulestart er ei større utfordring for oss. Vi har ingen ekstra ressursar i forhold til desse barna. Her skulle vi ønska at vi kunne hatt noko auka bemanning og meir systemretta arbeid for å hjelpe desse barna språkleg og sosialt. Ein skeiv start på desse utviklingsfelt i barnehagen vert veldig tung å rette på seinare. Ei større og tidleg satsing for desse barna i barnehagen trur vi vil redusere behovet for hjelp og oppfølging i skulen.

Øye barnehage: Sjå Skei barnehage.

Bøfjorden barnehage: Har ingen minoritetsspråklege barn.

Bæverfjord barnehage: Vi har ingen minoritetsspråklege barn.

Mo barnehage: Vi hadde ingen minoritetsspråklige barn i 2020.

Todalen og Stangvik barnehage: Vi hadde eit minoritetsspråkleg barn i 21/22. Vi klarte å gi den hjelpa som skulle til innanfor bemanninga vår.

Lokale mål

I Surnadal kommune skal barnehagane vere i stand til å oppdage, følgje opp og hjelpe barn med særskilde behov som tilpassa særskild barnehagetilbod eller spesialpedagogisk hjelp. Dette i samråd med foreldre, PPT og andre hjelpeinstansar.

	2019	2020	2021
	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer
	Alle aldre	Alle aldre	Alle aldre
	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Barnehage	Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp
- Hele landet	9 190	9 255	9 725
- Møre og Romsdal	577	605	579
- Surnadal	8	6	5*
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter Avd Bøfjorden barnehage			0
Bårdshaugen barnehage AS	2*	1*	
Midtigrenda barnehage	2*	2*	2*
Mo oppvekstsenter Avd barnehage	1*		
Todalen og Stangvik oppvekstsenter Avd Stangvik barnehage		1*	1*
Øye og Skei barnehage Avd. Skei	1*	1*	1*
Øye og Skei barnehage Avd. Øye	2*	1*	1*

Vurdering:

Bårdshaugen barnehage: Vi har for tida ingen barn som trenger spesialpedagogisk hjelp.

Midtigrenda barnehage: Sidan det tidlegare har vore underrapportering i rekneskapet vårt kring barn som treng spesialpedagogisk hjelp, der lønnsmidlene har vore ført på ei anna teneste i barnehagen vår, har vi måtta fulgt med ekstra på dette også for rekneskapet i 2021. Vi har hatt barn med særskilte behov, og vi har hatt ein del styrka bemanning pga. dette.

Skei barnehage: Det har nok både ved Øye og Skei barnehage vore noko underrapportert økonomisk, rundt barn med rett til spesialpedagogisk hjelp. Vi har hatt ekstraressurser inne på avdeling, som har vore ført på feil teneste.

Øye barnehage: Her gjeld det same som for Skei bhg.

Bøfjorden barnehage: Har for tida ingen barn som treng spesialpedagogisk hjelp.

Bæverfjord barnehage: Vi har for tida ingen barn som treng spesialpedagogisk hjelp.

Mo barnehage: Vi har for tida ingen barn som treng spesialpedagogisk hjelp.

Todalen og Stangvik barnehage: Når det gjeld barnehagane har vore ei underrapportering økonomisk på dette feltet. Dette skuldast at lønnsmidlar, som gjeld spesialpedagogisk hjelp, ikkje har vore ført på rett teneste i rekneskapen for 2021/22. Dette er no retta opp. Men vi er og god på å tilrettelegge innafor det ordinære tilbodet. Vi har og styrka bemanning for å kunne gi den hjelpa barnet/barna treng.

Lokale mål

Surnadal kommune skal ha ei opningstid i barnehagane som er tilpassa barn og foreldra sine behov. Opphaldsarealet i barnehagane skal vere forsvarleg og følgje lovkrav og lokale krav til areal inne og ute.

Oppholdstidgruppe - Oppholdstid	2021						
	Alle eierformer						
	Alle aldre	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
- Deltid	24		5	8	4	2	5
25-32 timer	7		2	3	1	1	
33-40 timer	17		3	5	3	1	5
- Heltid	245	1	32	49	48	51	64
41 timer eller mer	245	1	32	49	48	51	64

Vurdering:

Bårdshaugen barnehage: Vi har ei lang opningstid, 6.45-17.15. For å dekke den lange opningstida, samarbeider avdelingene på slutten av dagen ved behov.

Lekearealet er innenfor lovkrav og lokale krav.

Midtigrenda barnehage: Vi har ei lang opningstid, kl. 6.45-17.00, der vi saman med dei andre sentrumsbarnehagane tilbyr omtrent samme opningstid. Tilbodet er ut ifrå foreldra sine behov. Vi samarbeider mellom avdelingane på starten og slutten av dagen for å klare å dekke opp den lange opningstida.

Leikeareala inne og ute er innafør lovpålagte krav, og vart betre tilpassa etter påbygg og oppgradering av eksisterande bygg.

Skei barnehage: Øye og Skei barnehage har ei lang opningstid, som i stor grad, er tilpassa foreldra sine behov. Bakdelen med det er at vi må spre bemanninga på avdeling utover dagen slik at vi klarar å dekkje opp den lange opningstida. Det gjer at vi har mindre tid på dagen der vi har full bemanning. Når det gjeld leikeareal så ligg vi godt innanfor kravet i vedtektene for barnehagane i Surnadal.

Øye barnehage: Sjå Skei bhg

Bøfjorden barnehage: Med opningstid 07.00-16.30 følger vi i stor grad foreldras behov. Foreldra kan be om inntil 30 minutt tidlegare opning etter avtale. Leikearealet er i realiteten dobbelt så stort, då arealet vi nyttar i den nedlagte Bøfjorden barnehage ikkje er inkludert her.

Bæverfjord barnehage: Vi har opningstid som er tilpassa foreldra sine behov 7.00-16.30. Utviding av opningstid etter avtale med foreldra (opning 6.30). Areal følgjer lovkrav.

Mo barnehage: Vi har opningstid som er tilpassa foreldre sine behov frå 07.00-16.30. Leikeareal følgjer lovkrava.

Todalen og Stangvik barnehage: Vi har opningstid som er tilpassa behova for foreldra, mellom 7.00-16.30. Leikearealet følgjer lovkravet. Vi har og tilgang på gymsal.

8. Hovudområde og indikatorar kulturskule

Lokale mål

Surnadal kommune skal ha eit kulturskuletilbod, som gir alle barn i kommunen moglegheit for å delta, jf. Opplæringslova §13-6.

- Kulturskolen skal vera ein tilgjengeleg arena i born og unge sitt liv, for kunst- og kulturopplevingar, for personleg, sosial og kunstnarisk vekst og utvikling
- Bygge kompetanse i skolen til å fylle rollen som et lokalt ressurscenter for kunst og kultur.
- Den lokale læreplana vedteke i kommunestyra i Surnadal og Rindal, skal vere førande for drifta.
- Plasseringer på kommunebarometeret 2022 og åra bakover viser at vi ligg godt oppe på dekningsgrad. Det at vi ligg såpass langt nede på antall timer pr elev er pga stor andel gruppefag. Noko som gir lågt gjennomsnittleg timeantal pr elev.
- Gjennom å vere ein lærande organisasjon skal vi skape framtidens kulturskole.

Vurdering:

Surnadal og Rindal kulturskule:

Staben har ein stor vilje til å utvikle dei tilboda vi har med god kvalitet og dedikert innsats.

Dei tilsette gjer ein viktig jobb med dei born og unge som vi er i kontakt med gjennom året og bidreg til danningprosessen saman med dei andre i laget rundt borna.

KUL08 Andel av elevene som går på kommunens musikk- og kulturskole	69	72	52	36	41
KUL09 Antall timer i kulturskolen, per elev ⁵		224	265	290	309

Fagleg utviklingsarbeid med å implementere rammeplan for kulturskole med fokus på kulturskolebasert vurdering for læring.

Vi arbeider med å tilpasse tilboda i dei tradisjonelle kjerneoppgåvene og fordjupningstilbod til dei med særskilt interesse. Gjennom auka samarbeid med grunnskule og andre aktørar håper vi å nå fleire av kommunen sine born og unge.

9. Hovudområde og indikatorar for PPT

Lokale mål

Surnadal kommune skal ha ei oppegående og kompetent PP-teneste. Jf. Opplæringslova §13-6.

- PPT skal bidra til at barn og unge i kommunane våre skal ha eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø, med trivsel, læring og utvikling.
- PPT skal bidra til at tilsette i barnehagar og skular skal få god vegleiing og ha god kompetanse på korleis etablere og oppretthalde godt læringsmiljø.
- PPT skal bidra til at barn/ elevar med særskilte behov skal få nødvendig hjelp til rett tid
- PPT skal vere ein attraktiv og kompetent samarbeidspart for skular og barnehagar i eigarkommunane og i Nettverk Nordmøre.

Vurdering:

PPT samarbeider tett med barnehagane, skulane, føresette og dei andre lokale hjelpetenestene for å bidra til barn og unge sin trivsel, læring og utvikling. Vi ønsker å bidra til at det ordinære tilbudet i barnehagane og skulane skal være eit godt tilbud til så mange som mogleg, slik at færre born har behov for særlege tiltak. Dette fokuserer vi på både i arbeid med enkeltbarn/elevar og gjennom systemretta arbeid med barnegrupper/klassar/personale i einingane. Med auka fokus på systemretta arbeid har vi mål om at færre born skal ha behov for å bli henvist til PPT for utgreiing og tiltak. I løpet av barnehage-/skuleåret 21/22 fekk vi henvist 41 barn/vaksne frå Surnadal. Kontakten med PPT kan ha både kortare og lengre varigheit etter kva problematikk det dreier seg om, og PPT arbeidde med om lag 220 enkeltsaker i Surnadal i løpet av året. Vi erfarte dette året at ein del saker vart henviste til oss utan at det var drøftingar/samarbeid i forkant av meldinga, noko som truleg delvis kan skuldast pandemien og restriksjonane den førte med seg. Vi ønsker framover å sikre eit tettare samarbeid med barnehagane og skulane i før-henvisningsfasen for veiledning og utprøving av tiltak som kan redusere behovet for henvisning til PPT.



PPT hadde ei sentral rolle i arbeidet med Nettverk Nordmøre si læringsløype læringsmiljø ut 2021. Vi har etter dette hatt fokus på at den kompetansen som vart utvikla gjennom deltaking i læringsløypa skal vidareførast også etter at kommunen no har gått over i læringsløypa med fokus på språk, skriving og inkluderande praksis. Frå 2022 deltek PPT meir indirekte i læringsløypa som drøftings/samarbeidspartner i utviklingsgruppene.

10. Hovudområde og indikatorar vaksenopplæring og integrering

Lokale mål

Surnadal kommune skal ha ei god vaksenopplæring og eit godt integreringsarbeid, som førebur deltakarane på eit vidare liv i Norge i arbeid eller vidare utdanning.

Det er eit mål at over 75% er i arbeid eller vidareutdanning rett etter at introduksjonsprogrammet er gjennomført.

Mål:

- Gi alle flyktningar som blir busett i kommunen eit best mogeleg individuelt tilpassa opplærings- og kvalifiseringstilbod
- Auke forståinga for flyktningarbeidet i kommunen. I dette ligg at flyktningane som blir busett i kommunen har ulike bakgrunn og difor har svært ulike behov for oppfølging og tilpassa opplæring. Ressursbruken ved eininga kan difor ikkje berre sjåast i høve til talet på flyktningar, kor mange som til ein kvar tid deltek på introduksjonsprogrammet eller er elevar ved vaksenopplæringa.
- Ha eit godt samarbeid med det lokale næringslivet og dei frivillige organisasjonane.
- Samarbeide godt med statlege og fylkeskommunale instansar.
- Følgje flyktningane over i arbeid eller utdanning etter at dei er ferdig i introduksjonsprogrammet.
- Følgje opp born og unge i høve til fritidsaktivitetar

Vurdering:

I alt arbeid med flyktningar skal alltid det enkelte individet stå i sentrum. Dei som kjem til Surnadal har mista alt og skal bygge seg opp eit nytt liv på ein ny stad. Da er det grunnleggande at alle som kjem i kontakt med dei syner dei respekt og viser tolmod i høve til at å tileigne seg ein totalt annleis måte å leve på tek både tid og ressursar. Dette gjeld ikkje berre økonomiske men, like viktig, menneskelege ressursar.

